



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

1/2020

MARS • ÅRGANG 27

Koronainformasjon frå SIM

Les meir på side 4 og 5.

Vent med våronna

Les meir på side 6 og 7.

God start for ny ordning

Etter fyrste heile innsamlingsrunde hadde SIM fått inn 192 tonn glas- og metallemballasje.

Les meir på side 2 og 3.

God start for ny ordning

Etter fyrste heile innsamlingsrunde hadde SIM fått inn 192 tonn glas- og metallemballasje. Dette er store mengder, men er nok ikkje representativt for korleis det vil bli når ordninga har fått stabilisert seg.

Kva skal i dunken?

Som hovudregel er det glas- og metallemballasje det har vore mat eller drikke i når det vart kjøpt på butikken ein skal kaste i den oransje dunken. Altså ikkje glas- metallemballasje du kan ha mat i og drikke i, men dersom det var det når du kjøpte vara på butikken. Det vil dermed seia at til dømes vanlege drikkeglas ikkje skal i dunken. Årsaka er at desse er produsert på ein slik måte at dei treng høgare varme for destruksjon.

«Eg treng ikkje ein dunk til»

Det kan vera du tenkjer at du ikkje har bruk for denne dunken, men dei aller, aller fleste av oss har litt glas- og metallemballasje. Det kan vera eit syltetøyglas, ei brusflaske, ein boks makrell i tomat, ein leverposteiboks, ei aluminiumsform det har vore fisk i eller liknande.



Tilsvarar 7 fullaste vogntog

Dei oransje dunkane som Miroslaw Majewski (t.v) og Adam Lakowski leverte ut blir flittig brukt.

Feilsortering

Det som etter hovudregelen kan kastast i dunken er altså glas- og metallemballasje det har vore mat eller drikke i då det vart kjøpt på butikken. Dei som bryt desse retningslinjene risikerer at dunken ikkje vert tømt.

✗ Nei takk

Glas og metall som ikkje er emballasje, som t.d.:



- Porselen, keramikk, krystall, eldfaste former, speglar, vindaugsglas, lyspærer, malingsspann, steikepanner, gryter, bestikk, bildelar, osb.
- Tilgrisa glas- og metallemballasje.
- Glas- og metallemballasje det har vore farleg avfall i.



Dele dunk

Dersom du har liten plass eller har lite glas- og metallemballasje kan du dele dunk med ein nabo. Tre naboar kan dele ein 140 l dunk, medan ni naboar kan gå saman om ein 660 l dunk.

Alle returpunkt for glas – og metall (igloar) vert fjerna etter nyttår. For våre hyttekundar vil det bli sett ut nye 660 l dunkar på enkelte returpunkt for hyttekonteinerar. Desse er berre meint for hytteabonnentar.



Kostar det noko?

For den minste dunken (140 l) utgjer auken 125 kroner per år, per abonnent. Prisen for ein 660 l dunk er 575 kroner per år.

Tømming?

Dunkane for glas- og metallemballasje vert tømde kvar 8. veke. Alle dunkar er merka med A eller B- rute. Det vil seia at dunken skal ut i den veka det er A- eller B rute. I tømme kalenderen eller i appen vil du sjå kva veke som har A, eller B- rute.



Koronainformasjon frå SIM

Vask hendene grundig både før og etter at du trillar dunken!

Renovasjon er definert som eit viktig samfunnsoppdrag, og henting av avfallet på hushaldsruta er ei oppgåve me har stort fokus på å oppretthalde.

Når denne utgåva av SIM-nytt må trykkast er situasjonen rundt koronaviruset for SIM sitt vedkommande at det IKKJE har fått konsekvensar for renovasjonsrutene, eller slamtømminga i kommunane. Avfallet vert framleis henta på rute etter oppsett tømme kalender. Me har stengt kundemottaket og alle våre miljøsentralar

inntil vidare, som eit ledd i å hindre spreiding av viruset. (Per 23. mars)

Sidan situasjonen endrar seg raskt kan det vera at mykje er annleis når denne utgåva kjem i posten, men selskapet har utarbeidd beredskapsplanar for eventuelle situasjonar som kan oppstå. Det kan i sin ytste konsekvens føre til

at ein lyt gjere prioriteringar i samband med renovasjonen, slik at ein kan sikre henting av avfallet på rute.

Dersom situasjonen rundt koronautbrotet råkar våre tilsette eller samarbeidspartnarar, kan det få konsekvensar for deg som abonnent.



SIM vil informere via nettsida, media, facebook og sms dersom det skjer endringar som råkar våre kundar

Vis omsyn

For at me skal kunne halde våre tilsette friske og i stand til å oppretthalde normal drift ber me om at abonnentar og kundar tek omsyn. I ein slik situasjon er det òg viktig at ein ikkje skapar nye problem, som til dømes forsøpling av di ein ikkje vert kvitt avfall som ein til dømes skulle levert på miljøsentralen.

SIM ber om at du:

- Vaskar hendene grundig både før og etter at du trillar dunken
- Vaskar handtak og lok på dunken
- Dersom du er i karantene, få nokon andre til å trille dunken eller bruk hanskar
- Utset rydding som ikkje MÅ gjerast, sidan miljøsentralen er stengt
- Ikkje set frå deg avfall nokon stad.
Det er forsøpling og kan føre til smittespreiing



Gode råd

Dersom situasjonen rundt koronautbrotet skulle føre til at SIM lyt endre rutinane knytt til avfallshandtering, kan det vera at du som kunde lyt vera med og hjelpa til. Det er nokre moment du då i så tilfelle bør tenkja på. Nokre av råda kan også vera ei god rettesnor for deg som abonnent ved vanleg drift:

- **Ikkje kjøp meir enn du absolutt treng**
- **Ikkje lag meir mat enn du et opp**
- **Reingjer all emballasje som skal kastast i plast eller glas/ metall, slik at du unngår lukt og tiltrekking av skadedyr.**
- **Oppbevar sekken med plastemballasje inne om du kan**
- **Press posen du har avfallet i, og som du MÅ kaste, godt saman**
- **Ikkje fyll opp dunken med avfall du ikkje MÅ kaste dersom det skulle oppstå ein unntakstilstand**
- **Plasser dunken/sekken ein stad der det er minst sollys/varme**
- **Har du farleg avfall, ta kontakt med SIM**
- **Sorter godt og rett**

Vår-rydding på vent?

For mange er våren tida for storrydding i hus og hage, men kva om miljøsentralen er stengd? Her får du nokre råd og tips.

Vår bransjeorganisasjon Avfall Norge og nasjonale mynde si tilråding er at me bør setje i verk tiltak som som gjer at me kan overhalde karantenerreglar, hindre smittespreiing og oppretthalde drift i samfunnskritiske funksjonar.

I vår drift er det å hente avfallet heime hjå folk og halde drift i omlastehallen og kompostanlegget, vurdert som dei mest kritiske områda. SIM har difor vurdert det slik at me har stengt våre miljøsentralar inntil vidare.

Kva kan du gjera?

Det første du bør tenkja på er om du kan utsetta ryddinga til miljøsentralane opnar igjen. Frå oss i SIM er det klare rådet: Ikkje start ein omfattande ryddesjau før du veit at miljøsentralen er open – du endar berre opp med store mengder avfall som du sjølv må lagra inntil vidare.

Sorter og komprimer

Hugs òg å sortera avfallet godt og rett – og komprimer det etter beste evne. Då gjer du leveringa lettare for deg sjølv neste gong du besøker miljøsentralen. Hugs òg på å sikra avfallet ditt godt mot vør og vind, så det ikkje fyk rundt og forureinar eller irriterer nabolaget. Lagra gjerne innomhus, eller dekk til, slik at du held mest mogleg av avfallet tørt.

Tenk gjenbruk!

Det kan vera at du ikkje treng kaste alt likevel? Tenk alternativt! Kan det vera noko av det du har tenkt å rydde i som kan reparerast, brukast om att, selja eller gje vekk? Gjenbruk er alltid viktig, og både annonseportalar og sosiale medium er gode kanalar for sal og vidareformidling av godt brukande gjenstandar. Berre hugs på

smittevernreglane ved overlevering til neste eigar.

Hageavfall kan bli den finaste kompostjord.

Komposterer du hageavfallet ditt, gjerne saman med matavfallet, reduserer du avfallsmengda. I retur får du med tida mykje gratis kompostjord og treng ikkje kjøpa så mykje jord og jordforbetningsmidlar til hagen. Informasjon om heimekompostering finn du på <https://sim.as/ditt-avfall/kompostering/>.

Farleg avfall får spesialbehandling

Har du mykje farleg avfall som kan utgjera brann- eller forureiningsfare, ta kontakt med SIM så vil me vera til hjelp med å finna ei god ordning for trygg innlevering – sjølv om miljøsentralen din er stengt.

Ryddeaksjonar våren 2020

SIM har i ei årrekke organisert ulike rydde-tiltak for sunnhordlendingar som vil gjera ein dugnadsinnsats for den flotte naturen vår. Me har til dømes "Rydd ei strand", "Rydd nærmiljøet"

og "Rydd ein sti". Våren 2020 er me i ein unntakstilstand, og med utgangspunkt i regjeringa sine restriksjonar og tiltak for å hindre spreieing av koronaviruset lyt alle aksjonar utsetjast inntil vidare.

Me oppmodar innbyggjarane om å følgje med på våre nettsider, facebook og i media, der me vil informere om når me startar opp igjen.



Klar for å plogga?

Plukk bos medan du joggar eller går. Me i SIM heiar på både deg og naturen, derfor har me fått laga ein hendig ploggepose som du kan samla søppelet i medan du mosjonerer. Etter avslutta

ploggetur kan du kasta posen med søppel i restavfallet eller i ein hyttekonteiner. Hugs at det ikkje skal vera flytande væske, EE-avfall, farleg avfall eller skarpe gjenstandar i posen du kastar.



Ploggeposen er tilgjengeleg for alle. Du kan i utgangspunktet få tak i han ved SIM sine miljø-sentralar når dei er opne, eller ved å ta kontakt med SIM.

Har du ekstra store mengder avfall du må bli kvitt?

Hos oss kan alle som betalar renovasjonsgebyr i Sunnhordland få leiga 10 m³ konteinarar til fastpris. Leiga er 4900 kroner for fire dagar, og summen inkluderer då utkøyring

og innhenting av konteinaren, samt levering av avfallet. Prisen er den same i alle SIM-kommunane, uansett kor sentralt eller gravgrendt du bur, så lenge vegen er køyrbar for stor lastebil.



SENDAR:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord

OFFENTLEG INFORMASJON

Enklare og kjappare bostømming – du kan bidra!



Hugs at dunken må ut til kl. 06.00 på tømmedagen. Hugs å ta dunken heim att



Pass på at dunken står rett veg. Sjå til at opninga vender ut mot vegen, slik at løftearmen får tak i dunken.



Dunken må ikkje vera overfylt. Loket må liggja heilt igjen.



Det er fint om rest- og bioavfallsdunkar er oppstilt gruppevis.



Bosbilane hentar *papiravfall + plastemballasje* kvar fjerde veke. Hugs å setja ut dunk + plastsekk på tømmedagen.



Bosbilane hentar *restavfall + bioavfall* annakvar veke. Hugs å setja ut begge dunkane på tømmedagen.



Fjern greiner og buskas langs attgrodde vegar. Hugs at bilane våre ragar høgt til vers.



Er du i ferd med å gå tom for plastsekker, knyt ein sekk for plastemballasje på papirdunken – så vil sjåføren leggja ein ny rull i *papirdunken* etter at han er tømt. Du kan også henta deg ein rull på næraste miljøsentral.

Representantskapsmøte

Representantskapet er øvste organ i SIM, og det er sett saman av 23 medlemmer, delt på dei sju eigarkommunane etter folketal. Medlemene kjem saman ein gong kvart år, og i 2020 skal dei møtast 8. mai. Saker som skal opp på møtet kan ein få oversikt over ved å ta kontakt med SIM.



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

* Páskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Per 23. mars er alle miljøsentralane stengde, følg med på heimesida til SIM for meir informasjon om når dei opnar att.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 12.00-18.00

Tysdag og torsdag kl. 07.00-15.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 10.00-14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 10.00-14.00

FITJAR, SVARTASMÅGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERRAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 12.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars.:

Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag, onsdag og torsdag kl. 10.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 07.00-15.00

Laurdag kl. 09.00-14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00